



**I føremiddag dukka det opp ein fin, liten fugl på Rabben og den kom truleg flaksande over elva. Eksperter meiner bestemt at det er ein gul nymfeparakitt og det er sikkert nokon i området som saknar den. Fuglen verkar i alle fall bortimot tam.**

Vi les i dei bandsterke fugleverka at den også kallast nymfekakadu og er ein liten papagøeyefugl som stammar frå dei tørre landskapa i Australia. Nymfeparakitten kan verta 15-20 år gamal.

Fuglen som var etterlyst er søndag kveld ikkje observert, korkje på Rabben eller nokon annan stad. Heller ikkje har det meldt seg nokon aktuell eigar.

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen